

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Annika Tvedt Villanger	FA-A00	23/159

Saksnr	Utval	Type	Dato
020/23	Formannskapet	PS	18.04.2023
	Kommunestyret	PS	

Planprosess for oppvekstplan i Fedje kommune

Saksutgreiing:

Konklusjon

Det er naudsynt med politisk forankring i planprosessen. Kommunedirektøren foreslår følgjande organisering:

- Styringsgruppe – Formannskapet
- Arbeidsgruppe – Barnehagefagleg, skulefagleg, helsesjukepleiar, rus- og psykisk helse, kommunalsjef helse og omsorg
- Referansegruppe – HTV og verneombod, ungdomsråd, skule LOS, biblioteksjef

I planprosessen vil arbeidsgruppa invitere til høyringar på heimesida, frivillige lag- og organisasjonar, til dømes FAU, FIL.

Planen blir utforma som ein temaplan for oppvekst.

Forslag til vedtak:

Formannskapet - 020/23

F - behandling:

Viser til planstrategi i Fedje kommune 2020-2024, sak 20/193. Etter plan og bygningslova § 10-1 er det eit krav at kommunane i kvar valperiode utformar ein planstrategi. Måla med planstrategien er å avklara kva planoppgåver kommunen skal prioritera i valperioden. Oppvekstplanen står primært ikkje som prioritert plan i planstrategien for kommunen, men grunna oppvekstreforma som tredde i kraft januar 2022, er det vurdert som naudsynt å endre strategi og prioritere denne planen no.

Oppvekstreforma gjer kommunen meir ansvar på barnevernsområdet. Reforma regulerer først og fremst barnevernet, men målet er å styrka det førebyggjande arbeidet og sikre tidleg innsats i heile oppvekstsektoren. Kommunen må derfor gjere endingar i heile oppvekstsektoren.

Statsforvaltaren i Vestland i samarbeid KORUS, RVTS, NAPHA og KS inviterte kommunane som

Ønskja å satsa på å skape samanheng i sitt planverk på førebyggingsfeltet til å delta i ein planprosess våren 2023. Dei vil ha særleg merksemd på førebyggjande arbeid retta mot barn, unge og foreldre. Implementering av nye tiltak, metodar og kompetanse er krevjande og langsiktig arbeid som krev gode planar, gode strukturar og ei leiing som evnar å halde oppe merksemda og innsatsen over tid. I samband med samlingane med statsforvaltaren er det oppretta ei arbeidsgruppa. Arbeidsgruppa vert rettleia i ulike planprosessar, med hovudvekt på oppvekstplan.

Denne planen ligg ikkje som prioritert plan i vedteke planstrategi, men ut i frå mogelegheita for å få fagleg bistand frå statsforvaltar med fleire, er det vurdert av betydning for kommunen og nytte seg av den faglege støtta. Arbeidsgruppa har gjennomført to av fire samlingar med statsforvaltaren i Vestland.

Kommunedirektøren vurderer til det beste å utarbeide oppvekstplanen som ein temaplan. Ein temaplan følgjer ikkje same reglar for prosessen som ein kommunedelplan, jf. plan og bygningslova. Det er vurdert som naudsynt å utarbeide ein plan som har fokus på prosess og ikkje er for arbeidskrevjande, sidan kommunen har lite ressursar, spesielt på planarbeid. Fokus skal være på å lage ein plan som fremjar samarbeid på tvers, og er førebyggjande inn mot barn, unge og føresette.

Kommunestyret skal vedta ein heilskapleg plan for kommunen sitt arbeid med å førebyggje omsorgssvikt og åtferdsvanskar. Formålet er å bidra til ei overordna forankring av det førebyggjande arbeidet i kommunen, i tillegg er det tenkt som eit viktig verktøy for å sikre systematisk innsats for å leggje til rette for heilskaplege tenester.

Konklusjon

Det er naudsynt med politisk forankring i planprosessen. Kommunedirektøren foreslår følgjande organisering:

Styringsgruppe –	Formannskapet
Arbeidsgruppe –	Barnehagefagleg, skulefagleg, helsesjukepleiar, rus- og psykisk helse, kommunalsjef helse og omsorg
Referansegruppe –	HTV og verneombod, ungdomsråd, skule LOS, biblioteksjef.

I planprosessen vil arbeidsgruppa invitere til høyringar på heimesida, frivillige lag- og organisasjonar, til dømes FAU, FIL.

Planen blir utforma som ein temaplan for oppvekst.

F - vedtak:

Kommunestyret vedtar forslag til planprosess og organisering slik det er skildra i konklusjonen.

Samrøystes vedteke.